



# Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 11.06.2020  
**Møtestad:** Kommunehuset/Samfunnshuset  
**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
018/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/2020	Godkjenning av møteprotokoll
020/2020	Referatsaker
021/2020	Orienteringssaker
022/2020	Årsmelding og rekneskap 2019
023/2020	Mo nærings- og tenestesenter
024/2020	Økonomirapportering 1. tertial 2020
025/2020	Val av meddommarar for perioden 2021 - 2024
026/2020	Val av skjønnsmedlemer for perioden 2021 - 2024
027/2020	Intensjonserklæring Akson - heilskapleg samhandling og felles kommunal journalløysing
028/2020	Møteplan hausten 2020
029/2020	Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

4. juni 2020

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/156

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	20/156

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 16.04.2020

## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/156

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
020/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Referatsaker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
020/2020.1	Handsaming i Regionrådet - vedtak om vidare presentasjon av Rapport Næringsutvikling og kraftintensiv industri Nordhordland for Regionrådet
020/2020.2	Innspel frå Regionrådet Nordhordland til NTP 2022-2033
020/2020.3	Kraftsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensiv industri sett i lys av dette
020/2020.4	Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå fjernmøtet 20.05.2020
020/2020.5	Modalen kontrollutval - Oversending av særutskrift frå møtet - til handsaming i kommunestyret

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

**Vedlegg:**

Kraftsituasjonen i Nordhordland - forslag til vedtak og videre prosess

Handsaming i Regionrådet - vedtak om vidare presentasjon av Rapport Næringsutvikling og kraftintensiv industri Nordhordland for Regionrådet

Presentasjon muligheter kraftkrevende industri 28.4.2020

Innspel frå Regionrådet Nordhordland til NTP 2022-2033

Kraftsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensiv industri sett i lys av dette

Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå fjernmøtet 20.05.2020

Møteplan 2020 - Modalen kontrollutval\_oppdatert

Modalen kontrollutval - Oversending av særutskrift frå møtet - til handsaming i kommunestyret

Oversending av vedtak i Modalen kontrollutval - sak 22.20 Forvaltningsrevisjonsrapport, 20.05.2020

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/156

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Orienteringssaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
021/2020.1	Persontransportløyningar til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar, høyringsnotat

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Persontransportløyningar til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar, høyringsnotat

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210, TI-&14	19/43

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2020	Formannskapet	PS	02.06.2020
022/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Årsmelding og rekneskap 2019

#### Forslag til vedtak:

Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2019 vert godkjent.

Rekneskapsmessig mindreforbruk kr 910 197,99 vert sett av til disposisjonsfond.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Årsrekneskapen skal godkjennast av Kommunestyret etter fråsegn frå Kontrollutvalet og tilråding frå Formannskapet.

Kommunestyret skal gjere vedtak om årsrekneskapen og årsmeldinga innan 6 månader etter slutten av rekneskapsåret, jfr § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, gjeve med heimel i Kommuneleva § 48, nr 6.

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2019 er kr 910 197,99.

Udisponert i investeringsrekneskapen er kr 0.

### **Vurdering**

Kommunestyret må ta stilling til disponering av evt mindreforbruk i driftsrekneskapen eller inndekning av evt meirforbruk. Rekneskapsmessig mindreforbruk vart kr 910 197,99 i 2019. Dette vert tilrådd avsett til disposisjonsfond.

Det vert vist til rekneskapsdokumentet for 2019 med noter, årsmeldinga for 2019, revisjonsmelding og –rapport frå Nordhordland revisjon IKS, samt fråsegn frå Kontrollutvalet si handsaming av saka i møte 20.05.2019.

NB: Fråsegn frå Kontrollutvalet vert ettersendt/lagt fram i møtet.

### **Konklusjon**

Det vert tilrådd at Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2019 vert godkjent.

## **Formannskapet - 024/2020**

### **FOR - behandling:**

Økonomisjef Magne Verpelstad gjekk gjennom økonomidel og rekneskap og svara på spørsmål Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2019 vert godkjent.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk kr 910 197,99 vert sett av til disposisjonsfond.**

### **Vedlegg:**

Rekneskapsdokument 2019

Årsmelding 2019

Revisjonsmelding 2019 Modalen 22.04.2020 frå Nordhordland revisjon IKS

Rapport årsrekneskap Modalen 2019 nr 15 frå Nordhordland revisjon IKS

Modalen kontrollutval - Oversending av særutskrift frå møtet - til handsaming i kommunestyret

Modalen kontrollutval - Oversending av særutskrift frå møtet - til handsaming i kommunestyret



## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE-612	20/95

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2020	Formannskapet	PS	02.06.2020
023/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Mo nærings- og tenestesenter

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å rive eksisterande kommunehus og byggje eit nytt nærings- og tenestesenter på same tomt i Mo sentrum. Kommunestyret vel alternativ 2 – som har ein tilleggsdel med utleige til næringslivet. Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør Lars Jønsson AS som hadde det rimlegaste tilbodet i anbodskonkurransen. Byggefasen vil ha oppstart hausten 2020 og fedigstillast hausten 2021. Kommunestyret løyver ei totalramme til prosjektet på kr. 61 200 000,- inkl. mva. Kommunestyret vedtek låneopptak på kr. 42 000 000,-.

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings - og tenestesenter, jamfør sak 031/2018, **sjå vedlegg 1** . Realisering av Modalen nærings – og tenestesenter er eit strategisk grep for å utvikle nye arbeidsplassar og styrke næringslivet i kommunen, i samsvar med strategisk næringsplan for Modalen og kommuneplan for Modalen 2015 – 2026.

Etter ein open anbodskonkurranse i 2015 inngjekk Modalen kommune kontrakt med HRTB Arkitekter AS om prosjektering av nytt nærings – og tenestesenter i kommunesenteret Mo.

I løpet av 2018 blei forhold som er avgjerande for at prosjektet skal gjennomførast på ein god måte i samsvar med kommunens rammer, ambisjonar og forventningar identifisert og samanfatta i eit omforent styringsdokument, **sjå vedlegg 2 – godkjent styringsdokument**.

Modalen kommune har nedsett ei styringsgruppe for prosjektet. Gruppen er samansett av kommunens formannskap. Styringsgruppa har hatt jamnlege møter og forslaget til løysing er forankra i gruppa. Frå administrasjonen deltek: Tone Selmer Skuggevik, teknisk sjef, prosjektleiar/ sivilarkitekt og Jo Bjarte

Tømmerbakke, rådmann. Etter ein open anbodskonkurranse har Modalen kommune engasjert eigen prosjektleiar: Steinar Barmen, sivilarkitekt, Forum Arkitekter.

Modalen kommune har vidareført engasjementet av HRTB Arkitekter AS innanfor ramma anbodskonkurransen i 2015 mogleggjorde. Arkitekt har ivare tatt rolla som prosjektteringsgruppeleiar /PGL – kordinering mellom arkitekt og tekniske rådgjevarar.

Øvrige tekniske rådgjevarar var engasjerte etter ein open anbodskonkurranse som vart vunen av rådgjevande ingeniørselskap Cowi, og Smedsvig Landskapsarkitekter vart engasjert etter ein begrensa tilbudsførespurnad. Forprosjektet er utarbeidd av følgjande prosjekteringsgruppe: HRTB – arkitekter. Landskapsarkitektene Smedsvig og tekniske rådgjevare COWI. Omforent skisseprosjekt låg til grunn for arbeidet med forprosjektet, som byrja i august 2019.

### **Ambisjonar**

Styringsgruppa har samla seg om følgjande fem punkt – som har vore retningsjevande for utarbeiding av forprosjektet:

- Dagens samfunnshus oppfyller ikkje dagens og morgendagens krav til gode funksjonelle arbeidsplassar, anten desse er offentlege eller private.
- Kommunen har ambisjon om eit nøkternt bygg som skal bidra til å gjere Modalen attraktiv både for kommunen sine innbyggjarar og potensielle tilflyttarar.
- Bygget skal vere ein møtestad for alle Modalen sine innbyggjarar og styrka sentrumsfunksjonen.
- Nybygget er eit strategisk grep for å utvikle nye arbeidsplassar og styrke næringslivet i kommunen, i samsvar med Strategisk Næringsplan og kommuneplan 2015 – 2026.
- Som ledd i omdømebygginga er det ynskjeleg at tilhøve knyta til miljø – og energi vert trekt inn som positive føringar for nybygget, som prosjekterast etter gjeldande forskrift – TEK 17.

I Desember 2019 vart det utlyst på Mercell ein open totalentreprisekonkurranse med innlevingsfrist 20.02.2020. HRTB Arkitekter AS og Forum Arkitekter AS har utarbeida eit totalentreprisegrunnlag for prising av prosjektet. Ved anbudsfrist var det kome inn 4 stk tilbod:

### **Alternativ 1, BRA 925m<sup>2</sup> , sjå vedlegg 3 - budsjett:**

- |                               |                            |
|-------------------------------|----------------------------|
| 1. Lars Jønsson AS            | kr. 44 987 500,- inkl. mva |
| 2. Reknes Byggvarer           | kr. 55 167 481,- inkl. mva |
| 3. O.L Kythe AS               | kr. 51 102 293,- inkl. mva |
| 4. Åsane Byggmesterforretning | kr. 56 209 955,- inkl mva  |

Januar 2020 tok ordfører Kjetil Eikefet kontakt med hjørnesteinsbedriften Uni Micro. Etter samtalar kom det fram at Uni Micro kunne vere interessert i å leige areal i nybygget. Deira behov er 25 arbeidsplassar i landskap, 4 stillerom, felles kantine samt støttfunksjoner. Styringsgruppa og kommunestyret blei informert om saka, og administrasjonen fekk mandat til å utarbeida eit tilbod som gav plass til Uni Micro.

Prosjektet har eit forslag til nybygg utan Uni Micro med eit bruksareal (BRA) på 925m<sup>2</sup> som kallast Alternativ 1, og eit forslag med ein tilleggsdel som gjer plass til Uni Micro med eit bruksareal (BRA) på 1310m<sup>2</sup> som kallast Alternativ 2. Med ein tilleggsdel, er det behov for å utvide nybygget med 383m<sup>2</sup>.

Ved anbudsfrist på tilleggsdel vart det kome inn 4 stk tilbod frå dei same entreprenørane:

**Alternativ 2, BRA 1310m2, sjå vedlegg 3 - budsjett:**

- |                               |                            |
|-------------------------------|----------------------------|
| 5. Lars Jønsson AS            | kr. 50 900 000,- inkl. mva |
| 6. Reknes Byggvarer           | kr. 77 868 610,- inkl. mva |
| 7. O.L Kythe AS               | kr. 66 330 613,- inkl. mva |
| 8. Åsane Byggmesterforretning | kr. 66 068 664,- inkl mva  |

I evalueringsrunden er det laga ei samanstilling av innkomne tilbod frå totalentreprenørar som syner nybygg utan tilleggsdel og nybygg med tilleggsdel. Sjå vedlegg 3 - samanstilling av innkomne tilbod frå totalentreprenørar. Det er utarbeid i budsjett for alternativ 1 og alternativ 2 som syner innsparingar og tilleggskostnadar utover totalentrepriskostnadar. Dette gjeld obsjoner, arkitekthonorar, inventar/IKT, VA prosjekt MO, fiberomlegging, grunnundersøkingar, byggeleiing og uforutsett post. Sjå vedlegg 3. Vidare er det laga ei oppsjonsliste som syner forslag til besparande tiltak eller tiltak som forenkler vedlikehaldet av bygget. Sjå vedlegg 3 – Oppsjonsliste.

**Føljande framdriftsplan er lagt til grunn:**

Skisseprosjekt - **gjennomført**  
Forprosjekt - **gjennomført**  
Utlysing av totalentreprise i Doffin- basen via Merzell – portalen - **gjennomført**  
Kontrahering av totalentreprenør – **gjennomført**  
Evaluering av innkomne tilbod - **gjennomført**  
Godkjenning av Modalen kommune - avhengig av politisk vedtak – **står att**  
Inngåing av kontrakt med totalentreprenør – **står att**  
Flytte administrasjonen og kyrkjekontoret til eksisterende lokaler - **står att**  
Rive eksisterande kommunehus- **står att**  
Byggefase - byggeperiode fram til ferdig bygg - **står att**  
Ferdigstilling – **står att**

**Teikningar**

**Vedlegg 4** - nybygg utan Uni Micro med eit bruksareal (BRA) på 925m2 som kallast Alternativ 1

**Vedlegg 5** - nybygg med tilleggsdel /Uni Micro med eit bruksareal (BRA) på 1310 m2 som kallast Alternativ 2

**Vedlegg 6** - nybygg med tilleggsdel / arealberegning – utleie med eit bruksareal (BRA) på 1310 m2 som kallast Alternativ 2

**Økonomi**

Me tek sikte på å kunne få kompensert meirverdiavgift på eigen bruk av bygget, og få frådrag for mva knytt til utleigedelen. Frådrag for utleigedelen kan me få gjennom frivillig registrering i mva-registeret for utleige. Konsekvensen av begge variantane er at me slepp at meirverdiavgifta belastar prosjektet.

### Finansiering alternativ 1

Investeringsutgift	55 409 006
Frådrag for mva	682 204
<b>Investeringsutgift som skal finansierast i inv.budsjettet</b>	<b>54 726 802</b>

	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>Sum</b>	
Investeringsutgift	20 000 000	34 726 802	<b>54 726 802</b>	
<b>Finansiering:</b>				
Lån	-12 740 000	-24 580 000	<b>-37 320 000</b>	68,2 %
Fond	-3 506 243	-3 500 962	<b>-7 007 205</b>	12,8 %
Mva-komp	-3 753 757	-6 645 840	<b>-10 399 597</b>	19,0 %
	<b>-0</b>	<b>-0</b>	<b>-0</b>	100,0 %

### Finansiering alternativ 2

Investeringsutgift	61 151 256
Frådrag for mva	4 283 785
<b>Investeringsutgift som skal finansierast i inv.budsjettet</b>	<b>56 867 471</b>

	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>Sum</b>	
Investeringsutgift	20 000 000	36 867 471	<b>56 867 471</b>	
<b>Finansiering:</b>				
Lån	-13 900 000	-28 020 000	<b>-41 920 000</b>	73,7 %
Fond	-3 501 046	-3 499 959	<b>-7 001 005</b>	12,3 %
Mva-komp	-2 598 954	-5 347 512	<b>-7 946 466</b>	14,0 %
<b>Sum</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>-0</b>	<b>100 %</b>

### **Konsekvens for drift:**

I framlegget er det innarbeidd delfinansiering av årlege finansutgifter med kr 1 million frå næringsfondsmidlar. Dette gjeld både alternativ 1 og alternativ 2. Det vert såleis tilrådd at kr 1 million av årleg budsjett for lån og tilskot til næringsfondsføremål vert omdisponert til renter og avdrag til nybygget.

**Sjå vedlegg 7** for detaljert framlegg til finansiering og økonomisk konsekvens for driftsbudsjett, utarbeidd av økonomisjef.

Kommunen har inngått intensjonsavtale om leige av kontorlokale med Uni Micro dersom kommunestyret vedtek alternativ 2. Avtalen er inngått for 5 år frå mogleg innflytting, og vert etter 5 år automatisk fornya med eit år om gongen til den vert sagt opp. Leigeinntekten frå denne avtalen vil finansiere utvidinga av bygget.

### **Konklusjon**

Etter rådmannen si vurdering vil bygging av nytt nærings – og tenestesenter på Mo, gje eit teneleg og framtidsretta bygg. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret godkjenner alternativ 2 og at kommunen inngår kontrakt med Lars Jønsson AS.

## **Formannskapet - 023/2020**

### **FOR - behandling:**

Håvard Engeseth ugild då han er sambuar med ein av eigarane i UniMicro AS. Uni Micro AS er drøfta som aktuell leigetakar i nærings- og tenestesenteret, og kan bli utløyssande for utviding av bygget. Robert Helland tok plass som vara.

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte og gjekk gjennom saka. Nye oppdaterte budsjett for begge alternativa vart levert ut i møtet. Førre versjon inneholdt ein feil i *uforutsette kostnader*. Korrigert utgåve med kr. 350 000,- i positiv lei.

Opsjonsliste med endringsforslag frå entrepenør vart presentert. Her kan ein leggje til / trekkje frå aktuelle kostnader i tråd med lista.

Rådmannen orienterte om at det ligg føre 5-årig intensjonsavtale med Uni Micro AS med kalkulert årleg leigekostnad på kr. 360 000,-. Skisser med oppdatert arealløysing vart lagt fram. Robert Helland etterspurde om det er tatt høgde for tilstrekkeleg parkeringsareal. Det er på noverande tidspunkt ikkje prosjektert utvida parkeringsareal etter at tilleggsbygg som inkl. arbeidsplassar Uni Micro AS vart kalkulert inn. Dette må gjerast etter eit evt vedtak om bygging.

Ann-Jorunn Farestveit etterspurde om det er gjort måling/vurdering av grunnforhold. Rådmannen viste til at dette er gjennomført, men at resultatata ikkje ligg føre per i dag. Eksisterande grunnmur er planlagt skal stå og byggjast på vidare. Teknisk sjef vil søkje å få lagt fram rapport til kommunestyret 11. juni.

Teknisk sjef viste m.a. til at det er naudsynt å legge til VA-prosjekt for Mo sentrum som stettar krava til vasstrykk på Mo og i evt. nytt bygg. Dette for å ivareta brannsikringa på Mo. VA-prosjektet må gjennomførast uavhengig av nytt bygg.

Liv Anne Aanesen oppmoda om gjenbruk av inventar.

Økonomisjef Magne Verpelstad gjekk gjennom saka m.o.t. finansiering av alt. 1 og 2.

Ann-Jorunn Farestveit ba om gruppemøte.

Etter møtet etterspurde Farestveit om det var korrekt å føre opp leigeinntekter i 2020. Rådmannen viste til at dette var ein feil.

Kristin Nåmdal haldt eit kort støtteinnlegg.

Ordføraren haldt eit kort støtteinnlegg.

Rådmanen ba om sluttsum vart korrigert frå 61,2 til 60,8 mill, jfr. korrigeringsnemnt over.

Avstemming:

Ordførar tok rådmannen sitt framlegg til vedtak opp til votering:

3 røyster for (Kristin Nåmdal, Kjetil Eikefet og Liv Anne Aanesen). 2 røyster mot (Ann-Jorunn Farestveit og Robert Helland).

#### **FOR - vedtak:**

Kommunestyret vedtek å rive eksisterande kommunehus og byggje eit nytt nærings- og tenestesenter på same tomt i Mo sentrum. Kommunestyret vel alternativ 2 – som har ein tilleggsdel med utleige til næringslivet. Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør Lars Jønsson AS som hadde det rimlegaste tilbodet i anbuds konkurransen. Byggefasen vil ha oppstart hausten 2020 og fedigstillast hausten 2021. Kommunestyret løyver ei totalramme til prosjektet på kr. 60 800 000,- inkl. mva. Kommunestyret vedtek låneopptak på kr. 42 000 000,-.

#### **Vedlegg:**

Modalen nærings- og tenestesenter sakspapir vedlegg 1

GODKJENT STYRINGS-DOKUMENT 2019 03 01 vedlegg 2

Budsjett opprinnelig bygg Vedlegg 3

Budsjett utvidet bygg Vedlegg 3

Samanstilling av innkomne anbudspriser

Opsjonspriser revidert

VEDLEGG 4

VEDLEGG 5

VEDLEGG 6

Finansiering og konsekvens for drift - nybygg alt 1 og 2

Mo service og - tenestesenter

Budsjett utvidet bygg -endret 01.06.20

Vedlegg til sak om nybygg alt. 2 budsjett utvida bygg

Finansiering og konsekvens for drift - nybygg - alt 1 - korrigert

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210	20/166

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2020	Formannskapet	PS	02.06.2020
024/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

### Økonomirapportering 1. tertial 2020

#### Forslag til vedtak:

Økonomirapporteringa for 1. tertial 2020 vert teken til orientering.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Tertialrapport nr 1 er den fyrste rapporten frå rådmannen til kommunestyret om økonomistoda i 2020. Minimum 2 gonger i året skal det fremjast eigne saker til kommunestyret om kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

Denne rapporten tek for seg økonomien i drifta samla sett, status og utfordringar for avdelingane, sjukefråvær, status for småinvesteringar og investeringar, samt status for finansområdet.

##### Vurdering

##### Drift

Sjå oversikta Økonomisk oversikt – drift under. Rapporten syner grupperte inntekter, grupperte utgifter og brutto driftsresultat som resultat, altså driftsinntekt minus driftsutgift pr 30.04.

Økonomisk oversikt - drift	2020	2020	2020	2019
	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Rekneskap
	Per. 1-4	Heilår	Heilår	Per. 1-4
<b>Driftsinntekt</b>				
Rammetilskot	9 921 695	23 200 000	23 200 000	8 976 281
Inntekts- og formuesskatt	11 141 119	9 000 000	9 000 000	10 698 462
Eigedomsskatt	11 184 407	22 100 000	22 100 000	9 064 200
Anna skatteinntekt	0	21 700 000	21 700 000	0
Anna overføring og tilskot frå staten	144 000	723 000	723 000	271 000
Overføring og tilskot frå andre	3 799 388	14 496 158	14 496 158	2 135 434
Brukarbetaling	552 258	1 980 000	1 980 000	700 974
Sals- og leigeinntekt	791 198	5 732 200	5 732 200	2 122 134
<b>Sum driftsinntekt</b>	<b>37 534 065</b>	<b>98 931 358</b>	<b>98 931 358</b>	<b>33 968 485</b>
<b>Driftsutgift</b>				
Lønsutgift	16 105 141	44 949 033	44 949 033	15 278 923
Sosial utgift	4 103 980	12 028 189	12 028 189	4 003 780
Kjøp av varer og tenester	10 747 547	29 435 148	29 435 148	10 831 586
Overføring og tilskot frå andre	2 530 322	7 682 064	7 682 064	2 718 615
Avskrivning	0	6 625 600	6 625 600	0
<b>Sum driftsutgift</b>	<b>33 486 990</b>	<b>100 720 034</b>	<b>100 720 034</b>	<b>32 832 904</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>4 047 076</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>1 135 581</b>

#### Samla driftsinntekt pr 30.04.20: Kr 37 534 065

Samla driftsinntekt 1. tertial 2020 er 10 % over 1. tertial 2019 som var på kr 33 968 485.

Heilårsbudsjettet for driftsinntekt 2020 ligg kun 1,06 % over rekneskapsført heilårsinntekt 2019.

Me kan ikkje vente at heilårsinntekta vil ligge 10 % over 2019, men det kan vere rimeleg å vente noko meirinntekt i høve til budsjettet. Sjå kommentar til Sentrale inntektspostar lenger nede i rapporten.

#### Samla driftsutgift pr 30.04.20: Kr 33 486 989

Samla driftsutgift 1. tertial 2020 er 2 % over 1. tertial 2019 som var på kr 32 832 904.

Me har ikkje fått faktura frå Alver kommune enno i 2020. I 2019 fekk me fakturaer på til saman om lag kr 900 000 i 1. tertial.

Dersom me legg til grunn tilnærma same utgift i 2020, vil utgift 1. tertial vere 4,7 % over 2019.

Heilårsbudsjettet 2020 ligg 0,47 % over heilårsutgiften 2020.

Det var høg utgift på tilskot til andre i fjor, særleg grunna eit høgt tilskot til landbruk. Korrigerer me for tilskot til andre, ligg heilårsbudsjettet 3,5 % over heilårsutgifta 2019.



Me kan vente at heilårsutgifta vil ligge over heilårsbudsjettet når året er omme.

## **Korona**

Modalen kommune har ført ekstra utgifter knytt til Korona på eige prosjektnummer. Det presiserast at det er ekstra utgifter som vert registrert, altså utgifter me ikkje ville hatt dersom det ikkje var Korona-pandemi. Til dømes er det slik at lønsutgifter til personale som har hatt arbeidsoppgåver relatert til Korona-utbrotet ikkje er inkludert i tala, dersom dette er personale me likevel ville hatt, og betalt løn til, uavhengig av Korona-utbrotet.

**Samla driftsutgift knytt til Korona pr 30.04.20:            Kr 291 090**

Totalt er det pr 25.05 rekneskapsført samla utgift på kr 478 000 etter frådrag for mva-kompensasjon.

I tillegg til dette kjem tapt inntekt for barnehage/SFO og Bryggjeslottet på samla rundt kr 135 000.

Dersom me skal redusere årsprisen for årskort i Bryggjeslottet i 2020 vil dette anslagsvis utgjere kr 75 000.

Kjent inntekt relatert til Korona 2020:            Kr 825 000 (Rammetilskot/skjønstilskot)

Kjent, samla utgiftsauke/inntektstap utgjør såleis førebels om lag kr 690 000. Utgift og inntektstap pågår framleis.

## Løyvingar til drifta:

	2020	2020	2020	2019
<b>Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Justert budsj</b>	<b>Oppr budsj</b>	<b>Rekneskap</b>
	<b>Per. 1-4</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>	<b>Per. 1-4</b>
Rammetilskudd	9 921 695	23 200 000	23 200 000	8 976 281
Inntekts- og formueskatt	11 141 119	9 000 000	9 000 000	10 698 462
Eiendomsskatt	11 184 407	22 100 000	22 100 000	9 064 200
Andre generelle driftsinntekter	144 000	22 423 000	22 423 000	271 000
Sum generelle driftsinntekter	32 391 221	76 723 000	76 723 000	29 009 943
Sum bevilgninger drift, netto	28 344 146	71 886 076	71 886 076	27 873 321
Avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	0
Sum netto driftsutgifter	28 344 146	78 511 676	78 511 676	27 873 321
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>4 047 075</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>1 136 622</b>
Renteinntekter	68 683	271 300	271 300	25 193
Utbytter	3 540	0	0	0
Gevinst/tap, finansielle omløpsmidler	0	200 000	200 000	0
Renteutgifter	252 100	600 200	600 200	199 673
Avdrag på lån	428 720	1 000 000	1 000 000	428 720
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-608 597</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-603 201</b>
Motpost avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 438 478</b>	<b>3 708 024</b>	<b>3 708 024</b>	<b>533 421</b>

	2020	2020	2020	2019
	<b>Rekneskap</b>	<b>Justert budsj</b>	<b>Oppr budsj</b>	<b>Rekneskap</b>
	<b>Per. 1-4</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>	<b>Per. 1-4</b>
<b>RÅDMANNEN/SENTRALADM</b>	<b>6 883 588</b>	<b>14 665 624</b>	<b>14 665 624</b>	<b>5 112 220</b>
<b>KULTUR</b>	<b>616 981</b>	<b>2 573 888</b>	<b>2 573 888</b>	<b>733 400</b>
<b>NÆRING</b>	<b>228 761</b>	<b>3 265 647</b>	<b>3 265 647</b>	<b>1 229 101</b>
<b>SOSIAL OG BARNEVERN</b>	<b>681 235</b>	<b>1 370 400</b>	<b>1 370 400</b>	<b>220 409</b>
<b>SKULE</b>	<b>4 500 993</b>	<b>11 852 337</b>	<b>11 852 337</b>	<b>4 416 283</b>
<b>BARNEHAGE</b>	<b>2 128 954</b>	<b>4 933 816</b>	<b>4 933 816</b>	<b>2 097 422</b>
<b>PLEIE OG OMSORG</b>	<b>7 391 607</b>	<b>16 272 730</b>	<b>16 272 730</b>	<b>7 255 511</b>
<b>KOMMUNELEGE</b>	<b>1 815 207</b>	<b>6 177 359</b>	<b>6 177 359</b>	<b>1 709 455</b>
<b>TEKNISK</b>	<b>5 338 897</b>	<b>15 591 275</b>	<b>15 591 275</b>	<b>6 204 975</b>
<b>SENTRALE POSTAR</b>	<b>-1 242 077</b>	<b>-4 817 000</b>	<b>-4 817 000</b>	<b>-1 105 456</b>
	<b>28 344 146</b>	<b>71 886 076</b>	<b>71 886 076</b>	<b>27 873 320</b>

**OBS:** Rekneskapstala i tabellen over er teken rett før ferdigstilling av saksframlegget, og er såleis ikkje heilt i tråd med tilsvarande tal i avsnitta for dei ulike budsjettområda, utan at dette påverkar vurderingane som er gjort.

## Status for budsjettområda:

### Rådmannen/sentraladministrasjonen

#### Rekneskapsstatus pr 30.april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
6 822 000	14 665 000	47 %

#### Status/utfordringar/kort om drifta:

Inntekt frå sal av konsesjonskraft gjennom avtalen med fylkeskommunen ser ut til å bli betydeleg lågare enn budsjettert grunna dei låge kraftprisane for tida. Det er vanskeleg å estimere akkurat no, men må følgjast nøye med framover og evt budsjettjusterast i 2. tertial. Det kan potensielt ende med ca 1,5 mill i mindreinntekt i høve budsjett. Stort avvik i høve 2019, der inntektene for sal av same mengde kraft enda med om lag 1,8 mill i inntekt. Pr 30. april 2020 er inntektene på posten om lag 20 000 kr, mot budsjettert 500 000 kr på dette tidspunktet.

Ansvarsområda - rådmannen, kommunekassen og IKT drift ligg noko høgt på utgiftssida pr dags dato, men det er ikkje unaturleg for desse ansvarsområdet på denne tida av året. Ein god del lisensar, gebyr og kontingentar som gjeld for heile året vert betalt tidleg i året. Andre utgiftspostar er i tråd med budsjett.

Kundetorget driv i tråd med budsjettet.

#### Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
6 822 000	14 665 000	15 665 000

Inntekt frå konsesjonskraft gjennom avtalen med fylkeskommunen ser ut til å bli betydeleg lågare enn budsjettert grunna dei låge kraftprisane for tida. Det kan potensielt ende med ca 1,5 mill i mindreinntekt i høve budsjett. Sannsynleg mindreinntekt er pt stipulert til om lag 1 mill kr. Dersom kraftprisane gjennom sommaren og hausten stig, vil inntektene på denne posten ta seg opp, men det er lite sannsynleg at totalinntektene for 2020 vil værte nær budsjettsummen på kr 1,5 millionar.

#### Sjukefråvær:

Sjukefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen, inkl kommunekasse, kundetorg, kultur og

næring: 9,6 %

## Kultur

### Rekneskapsstatus pr 30.april:

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Forbruk i %
617 000	2 573 888	24 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Bryggjeslottet har vore stengt frå 12.03.20 og inntil vidare grunna Koronapandemien.

Modalsdagane blir avlyst i 2020.

Miljøarbeidarstillinga på 40 % er ikkje besatt, etter at miljøarbeidaren sa opp stillinga.

Biblioteket har vore delvis stengt grunna koronaepedemien, så utlånet er redusert.

Me ventar ikkje avvik frå budsjettet.

### Prognose:

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
617 000	2 573 888	2 573 888

### Sjuefråvær:

Sjå samla oversyn under Rådmannen/sentraladm.

Sjuefråværet er knytta til langtidsfråvær.

## Næring

### Rekneskapsstatus pr 30.april:

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Forbruk i %
--------------------------	--------------------	----------------

228 000	3 265 000	7 %
---------	-----------	-----

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Hovudtyngda av budsjett er knytt til tilskot/lån frå næringsfondet. Utbetalingar avheng av omfang og kvalitet på søknadar. Det er i kommunestyret opna for at ein i 2020 kan løyve ekstra tilskot/lån knytt til verksemdar som vert råka av koronapandemien.

Pr 1. tertial er budsjettområdet innanfor løyinga kommunestyret har gjeve.

### **Prognose:**

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
228 000	3 265 000	3 265 000

### **Sjuefråvær:**

Sjå samla oversyn under Rådmannen/sentraladm.

## **Sosial og barnevern**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Forbruk i %
681 000	1 370 000	50

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Forhold som synleggjer forbruk over budsjett per 1. tertial:

- Lønnskostnadar NAV-tilsette som skal refunderast: kr. 145 000.
- Kostnad til skjenkekontroll er allereie tatt for heile 2020: 70 000.
- Sosiallån (utlån) over budsjett: kr. 94 000.

Pr no vil refusjon av løn frå NAV aleine redusere forbruksprosentatsen ned til 39. Øvrige kostnader til NAV Fensfjorden avheng av brukarar (søkjarmfang). Arbeidsløyse og evt. utbetalingar knytt til

Koronopandemien vert handsama av NAV stat, men det kan likevel vere at innbyggjarar i Modalen vil få bruk for hjelp framover. Dette vil kunne påvirke 2020-rekneskapen.

Sosial og barnevern kjøper NAV-tenester frå NAV Fensfjorden kor Masfjorden er vertskommune. Barnevernstenester vert kjøpt av Vaksdal kommune. Pr 1. tertial er prosentsats for tenestekjøp frå andre kommunar på 29, noko som er innanfor vedteke budsjett.

**Prognose:**

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
681 000	1 370 000	1 370 000

**Sjuefråvær:**

Sosial og barnevern har ikkje egne tilsette.

## Mo skule

(Grunnskule, sfo, vaksenopplæring, kulturskule)

**Rekneskapsstatus pr 30.april:**

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
4 489 392	11 852 337	38

**Status/utfordringar/kort om drifta:**

Utgiftene er i balanse i høve budsjett. Inntektene er førebels noko låge. Det skuldast at det ikkje er sendt faktura for eigenbetaling for kantine, og det er ikkje sendt refusjonskrav for gjesteelevar enno. I tillegg er det etterslep på refusjon sjukepengar/fødselspengar. Når dette er på plass vil den totale rekneskapen vera bra i balanse for alle avdelingar ved Mo skule.

**Prognose:**

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
4 489 392	11 852 337	12 052 000

I budsjettet er det lagt inn som føresetnad at fire pedagogar fekk plass ved vidareutdanning hausten 2020. To av søkerane har fått avslag frå Udir, dermed vil ein venteleg få om lag kr 200 000 mindre i refusjonar for desse.

### **Sjukefråvær:**

Mo skule har eit samla sjukefråvær på 7,4 % dei fyrste tre månadane i 2020. Dette er nær målet til kommunen. Det mest gledelege er at det er svært lågt korttidssjukefråvær. Langtidssjukmelde har ein bra kontroll over, og det er fin dialog mellom dei sjukmelde og arbeidsstaden. Det er ingen tilsette i 100 % sjukmelding over lang tid.

## **Modalen barnehage**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forbruk</b>
<b>pr 30.april</b>	<b>Heilår</b>	<b>i %</b>
2 129 000	4 933 800	43

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Lønsutgiftene ligg 5 % høgare enn budsjettet. Årsaka er auka lønskostnader grunna inntak av fleire barn. Auka tal på born fører til høgare inntekt, og budsjettet vil gå i balanse når refusjon frå andre kommunar vert inntetksført.

Løn sjukevikarar er noko høgt, men sett i samanheng med refusjon sjukeløn er dette i balanse.

Brukarbetalinga er lågare enn venta, årsaka er nedstenging grunna Korona og såleis mindre inntekt i dei 5 vekene barnehagen var stengt. I tillegg er inntektene lågare grunna mange med reduksjon i brukarbetalinga grunna låg betalingsevne.

Tilstandsrapporten frå leikeplasskontrollen viser til eit leikeområde som ber preg av slitasje. Det er ein del utbetringar og utskiftingar som må til for å lukke avvik. Mykje av utbetringane må gjerast innanfor årets budsjett.

### **Prognose:**

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Prognose</b>
<b>pr 30.april</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>
2 129 000	4 933 800	Usikker

Det er vanskeleg å sei noko i høve til prognose, då me ikkje får inn refusjon frå andre kommunar før i juli/august. Det er likevel venta netto meirinntekt.

### **Sjukefråvær:**

Sjukefråværet er høgt, 13,2 %. Det er i hovudsak langtidsfråværet som er høgt. Ved sjukdomsfråvær vert bemanninga styrt etter barnetalet til kvar ei tid. Utgifter til vikar i høve sjukdom er noko høgt, men sjukelønsrefusjon er høgare enn utgift.

## **Pleie- og omsorg**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forbruk</b>
<b>pr 30.april</b>	<b>Heilår</b>	<b>i %</b>
7 368 643	16 272 730	45 %

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Det har vore høgt sjukefråvær første tertial med langtidsfråvær for 4 tilsette.

Eininga har måtta nytta vikarbyrå ut frå fråværet for å ha ei forsvarleg drift. Me har førebels klart å

Ut frå 2 ledige sjukepleiarstillingar som me ikkje har fått søkjarar på og ingen tilsett pr. dags dato, må me vidareføre kjøp av vikarar frå vikarbyrå frå rammeavtalen. I tillegg vil me ha behov for å nytte 2 sjukepleievikarar frå byrå utanfor avtalen for å ha ei forsvarleg teneste i ferieavviklinga. Dette vil gje ei auke i budsjett på omlag kr 700 000..

Det kan kome fortløpande utgifter til vikarbruk utover hausten, dersom me ikkje får dekka stillingane av eigne søkjarar.

Me ser òg at kostnad i høve koronautbrot vil gje auke i kostnader både når det gjeld forbruksmateriell, innkjøp av diverse utstyr og medisinar dette året.

Auke i heimeteneste på kveld, helg og høgtid gjev behov for auke i personell på kveld, som og vil gje auka utgifter .

Brukartal har vorte redusert i høve vederlagsbetaling (langtidspasientar), men auke i korttidsopphald som gjev redusert inntekt i høve til budsjettet.

Me har ikkje utleige til Alver etter førespurnad på grunn av Koronautbrote. Det gjev redusert inntekt i høve til budsjett. Me vurderer fortløpande å opne for tilbud ut frå bemanningssituasjonen.

NB!Refusjon frå staten kr. 85 000 som er lagt inn i budsjettet, er avvikla frå i år. Informert etter at



budsjett vart utarbeidd.

**Prognose:**

<b>Rekneskap pr 30.april</b>	<b>Budsjett Heilår</b>	<b>Prognose Heilår</b>
7 368 643	16 272 730	16 972 730

Ventar meirutgift kr 700 000.

Innleige av sjukepleievikar frå privat byrå for sommaravvikling og for 2.stk ledige sjukepleiestillingar for forsvarleg drift.

Ledige sjukepleiarstillingar har vore utlyst utan at me har fått søkjarar til stillingane.

I tillegg har me ekstra kostnader relatert til Koronautbrot der det vil kunne kome auke i forbruksmateriell, innkøp diverse utstyr og medisinar som vert kjøpt inn frå utland.

Me har òg kostnad i høve til implementering av Velferdsteknologi som er ei investering. Dette vil òg kunne gje auke i høve til budsjettet, både til leige av utstyr, diverse lisensar og personell i høve opplæring.

Me lyser ut kontinuerleg ledige sjukepleiestillingar for å dekke drifta med eige personale og ikkje innleige vikarbyrå.

Me tek høgde for redusert inntak av vikar ut frå drifta fortløpande, med redusert tal på tilsette på kveld ut frå drift pr. dags dato, men det kan fort kome endringar.

Redusert personale på helg/høgtidsdagar og bruk av overtid.

Det kan verte aktuelt med utleige av institusjonsplass til Alver dersom bemanninga vert stabil.

**Sjukefråvær:**

Fråværsprosenten er 28,1 %, største delen er langtidsfråvær. Det har vore noko korttidsfråvær i mars grunna influensa, forkjøling og prøvetaking for Korona som har gjort til at tilsette har vore heime i karantene til svar føreligg. Difor auke i talet på fråværsdagar på korttidsfråvær.

To av dei sjukemeldte er slutta i stillingane i april og mai. Dei to andre langtidssjukemeldte i denne perioden er tilbake i stillingane sine.

Me har to tilsette som er sjukemeldte pr. dags dato og ein av dei er under avklaring i høve til tilbakeføring til arbeid evt omplassering. Den andre kjem tilbake i arbeid, men har behov for sjukemelding ein periode framover – 6-8 veker.

## Kommunelege

### Rekneskapsstatus pr 30.april:

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Forbruk i %
1 809 346	6 177 359	29 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Fram til midten av mars har drifta vore som venta. Me har lagt kostnader til psykolog og ergoterapiressurs inn i budsjettet for 2020, men dette har me ikkje lukkast i å få tak i .

Etter midten av mars har drifta vore omgjort pga Korona-situasjonen. Det har blitt færre pasientkonsultasjonar, noko som gir mindre inntekt. Det har òg vore ein del ekstra utgifter til innkjøp av utstyr og materiell som er naudsynt for førebuing til smitte i kommunen – og for ekstra smitteverntiltak i drifta. Dette gjeld auka lager av medisin, noko medisinsk diagnostisk utstyr, arbeidsuniformer og smittevernustyr. Me har òg behov for noko ekstra personell-ressurs fram mot sommaren ( helsesekretær 20% - som ikkje ligg i budsjett).

Legevikar som me har innleigd i mai/juni er ikkje spesialist i allmenntidmedisin, og dette gjev redusert inntekt på pasientarbeid.

Me ventar at situasjonen med noko redusert inntekt vil halde fram ut året. Det er noko uforutsigbart, og vil fort endre seg med smittesituasjon av Korona.

### Prognose:

Rekneskap pr 30.april	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
1 809 346	6 177 359	6 267 359

Ein del ekstrautgifter grunna korona-pandemi - og noko mindre inntekter i år gir førebels om lag kr 90 000 i ekstra kostnad.

Noko ekstra kostnad med innleige av ekstra hjelpepersonell, blir sannsynlegvis ikkje større enn innsparing på manglande psykolog / ergoterapeut.

### Sjukefråvær:

7,5 % frávær første kvartal. Dette skuldast klare medisinske problemstillingar, der det ikkje er hensiktsmessige tiltak å setje inn frå arbeidsgjevar. Der er ikkje noko langtidsfrávær.

## **Teknisk etat – budsjettområde Tekniske tenester**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

Me har omlag 38 % i forbruk dei 4 fyrste månadane av 2020. Dette er noko høgt i høve til budsjettet. Det har vore auka utgifter på reparasjon av kommunen sin lastebil og innkjøp av kalk og noko på vegvedlikehald.

Det har vore behov for innkjøp av to nye grasklipparar.

Inntektene ligger på 19 %, det er noko lågt. Årsaka til det er at kommunale årsgebyr ikkje er kommet inn i rekneskapen enno. Husleigeinntekt ligg òg noko lavt. Nokon bustader står tomme, og det er redusert leigeinntekt i industribygget pga oppgradering av brannstasjonen.

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forbruk</b>
<b>pr 30.april</b>	<b>Heilår</b>	<b>i %</b>
3 971 423	10 441 639	38 %

## **Teknisk etat – budsjettområde Brannførebygging**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

Ansaret har 0 % i forbruk det fire fyrste månadene. Utgiftene kjem seinare på året. Bla. kjøp av tenester fra andre kommunar. me vil få inntekt på husleige i den nye brannstasjonen på ca. 4 mnd. på slutten av året som utgjir om lag kr 50 0000,. Denne inntekta er ikkje lagt inn i budsjettet for 2020. Kommunale avgifter knytt til feiing vil òg komme som inntekt.

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forbruk</b>
<b>pr 30.april</b>	<b>Heilår</b>	<b>i %</b>
947	1 680 550	0 %

## **Teknisk etat – budsjettområde Reinhald**

### **Rekneskapsstatus pr 30.april:**

Reinhold ligger på 32 % i forbruk. Heilt akseptabelt pr. 1.tertial. Det er auka utgift knytt til Korona utbrotet. Det er auka inntekt knytt til sjukelønsrefusjon.

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
1 125 608	3 469 086	32%

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Samla sett ligger Teknisk totalt på 33 % etter de fire første månedene. Det er helt akseptabelt , og betre enn på same tid i fjor.

Auka driftskostnad pga, stor reparasjon av lastebil og innkjøp av kalk til kalkstasjonen. Men kalkutgiftene vil nulle seg ut på slutten av året. Auka kostnad i samband med Koronautbrotet.

Inntektene lar vente på seg, husleieinntektene ligger noe lavt. Skuldast at bustadar står tomme og at mellombels bortfall av leigeinntekt i industribygget. Kommunale årsgebyr er ikkje kommet inn enno.

Husleieinntekt på omlag kr 50 000,- kan komme inn ekstra for leige i den nye brannstasjonen. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet for 2020. Gjeld for ca 4 måneder fra august - september og fram til årskiftet.

### **Prognose:**

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
5 097 978	15 591 275	16 091 275

Det vil nok bli behov for auka utgift på teneste 2651 Kommunale disponerte bustader , teneste 3320 kommunale vegar og teneste 3350 rekreasjon i tettstad med til saman om lag kr. 500 000. Dei kommunale bustadane kommunen eig, er no gamle og treng stadig oppgradering, som nytt bad, nytt kjøkken, nye viduer, etterisolering og maling for å nevne noko. Kommunale vegar, treng m.a. pengar til grusing, feiing av vegar, innkjøp av salt, kantklipping, brøyting, kontroll av bruer. Innan området Rekreasjon i tettstad har me stort etterslep på oppgradering av leikeområde, innkjøp av leikeapparat, samt opparbeiding av kommunale område som er med på å skape gode felles uteområde.

### **Sjukefråvær:**

Innan tekniske tenester ligg sjukefråværet på 11,1 % . Dette er høgt, men nko av årsaken kan ha med årstida å gjøre. Fråværet er høgare i vinterhalvåret ser det ut til.

Innan reinhold ligg sjukefråværet på på 21,8 %. Dette er veldig høyt. Det er både langtidsfravær og korttidsfravær. Arbeidet er tungt og fleire slit med slitasje. Høgt fråvær i vinterhalvåret kan òg ha med årstid å gjere. Tiltak / fokus på kommunikasjon, tilrettelegging ved innkjøp av maskiner som kan lette arbeidet og innarbeiding av rutiner på arbeidsplassen.

## Sentrale postar:

### Rammetilskot

Årsbudsjett kr 23 200 000.

Basert på siste oppdaterte prognosemodell for skatt og rammetilskot frå KS, som bygger på oppdaterte tal og føresetnader gjeve i Revidert nasjonalbudsjett, er det venta samla inntekt på kr 24 027 000. Det gjev ei meirinntekt på kr 827 000. Dette skuldast i hovudsak auka tilførsel av midlar knytt til Korona-utbrotet på samla kr 825 000.

### Skatt

Årsbudsjett kr 25 100 000.

Basert på siste oppdaterte prognosemodell for skatt og rammetilskot frå KS, som bygger på oppdaterte tal og føresetnader gjeve i Revidert nasjonalbudsjett, er det venta samla inntekt på kr 25 525 000. Vurderingane er gjort på basis av utviklinga til no i år for skatteinngangen, med vurderingar knytt til negativ verknad utover i året knytt til Korona-situasjonen. Det må bemarkast at konsekvensane knytt til Korona for heile året er svært usikre.

### Pensjon/premieavvik

Basert på siste oppdaterte prognosar frå KLP, vil premiebetalinga verte lågare enn budsjettert. Dette heng saman med lågare vente lønsvekst og avkastning som vil dekke delar av premiebetalinga i 2020. Lågare premie gjev òg lågare premieavviksinntekt på Sentrale postar. Førebels kan me stipulere ein slik effekt på pensjonsområdet, med ein netto positiv effekt (mindreutgift) for kommunen samla:

<b>Pensjon</b>	
Sentrale postar	-480 000
Avdelingane	900 000
<b>Netto avvik - mindreutgift</b>	<b>420 000</b>

### Mva-kompensasjon

Årsbudsjett kr 2 750 000.

Basert på utviklinga/rekneskapsføringa fram til no, ser dette ut til å vere eit realistisk budsjettbeløp for 2020.

## Renteutgift

Årsbudsjett kr 600 000.

Rentenivået har gått kraftig ned i samband med Korona-pandemien. Dette påvirker renteutgifta positivt. Førebels har me stipulert mindreutgift på kr 250 000 basert på nivået på renta pr i dag. Renteutgifta for 2020 er òg usikker då evt vedtak knytt til låneopptak 2020 til nybygg enno ikkje er gjort, og tidspunkt for evt låneopptak er ikkje avklart.

## Renteinntekt

Årsbudsjett kr 471 000

Rentenivået gjev negativ verknad for rente/avkastning på midlane våre. Me har midlar i bank og pengemarknadsfond. Basert på nivået pr i dag legg me førebels til grunn ei mindreinntekt på kr 150 000.

## Småinvesteringar

	<b>Regnskap</b>	<b>Buds(end)</b>	
	<b>2020</b>	<b>2020</b>	<b>Status/kommentar:</b>
<b>VA-plan (småinv)</b>	36 609	700 000	Under arbeid
<b>Senger/utstyr Modalsstunet</b>	0	170 000	Ikkje gjennomført.
<b>Vøling av nordfasaden på skulemuseet</b>	-	120 000	Ikkje påbegynt

## Investeringar

		Regnskap	Buds(end)	
		2020	2020	Status/kommentar:
K03002	Tilrettelegging for bustadareal	23 085	0	Oppmåling av byggefelt på Helland, kjøpt 2019.
K03068	Kommunehus/servicebygg	1 376 991	30 000 000	Forprosjekt ferdig - Prosjektet pågår
K03100	Oppgradering brannstasjon	3 076 055	10 160 000	Under arbeid - i tråd med framdriftsplan
K03102	Oppgradering flytebyggja, Mobryggja	0	200 000	Under arbeid
K03109	Oppgradering komm.bustader 2019	0	300 000	Under arbeid
K03110	Nytt dekke tennisbana Øvre Helland	0	580 000	Under arbeid.
K03111	Nytt dekke ballbingen Mo skule	0	270 000	Under arbeid.
K03113	VA-tiltak av investeringsmessig karakter	0	400 000	Under arbeid - nytt renseanlegg industribygget
K03116	Uføresette investeringar	155 475	200 000	Kommunen har tilbakekjøpt tomt på Mo.
K03117	Ny bil til Modalstunet og barnehagen	0	800 000	Under arbeid.
K03118	Nye markiser Mo skule	0	250 000	Ikkje påbegynt
K03119	Tørketrommel Modalstunet	0	130 000	Ikkje påbegynt
K03120	Leikeapparat barnehagen	0	120 000	Under arbeid
K03121	EL-anlegg industribygget, Hall B	0	300 000	Under arbeid
	<b>TOTALT</b>	<b>4 631 606</b>	<b>43 710 000</b>	

## Finans

Oversyn som syner plasseringar og vilkår når det gjeld likviditeten til kommunen som er plassert i bankkonti og pengemarknadsfond:

<b>Likviditet:</b>				
<b>Bankinnskot:</b>	<b>Rente</b>	<b>Balansekonto:</b>	<b>Saldo 30.04.20</b>	<b>Saldo 31.12.19</b>
Østre Agder sparebank	1,40 %	21020012	2 028 956	2 028 956
Stadsbygd sparebank		21020013	0	0
Soknedal sparebank		21020014	2 314 257	2 314 257
Modum sparebank	0,90 %	21020015	2 044 705	2 044 705
Arendal og omegns sparekasse	1,00 %	21020016	2 510 800	2 510 800
Skagerrak sparebank	0,95 %	21020017	2 052 423	2 052 423
DnB	0,05 %	21020011	318 859	318 859
Sp 1 SMN		21020009	0	0
Sp Vest (fleire konti)	0,50 %	21020001-0009	12 734 641	11 053 835
Kasse		21000001	17 522	28 255
Skattetrekkkonto	0,50 %	21090801	2 166 099	1 705 094
Legatkonto	0,50 %	21020006	252 076	252 076
<b>Sum kasse, bankinnskot</b>			<b>26 440 338</b>	<b>24 309 259</b>
<b>Pengemarknadsfond:</b>	<b>Årsavkastning:</b>			
Pluss likviditet				
Pluss kort likviditet	1,09 %		10 486 662	10 449 173
		<b>Totalt</b>	<b>36 927 000</b>	<b>34 758 432</b>

### Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha innestående i

ein bank til kr 15 millionar.

Renta har gått kraftig ned, og det er venta lågt rentenivå framover.

Oversyn over lånegjelda til kommunen, samt rentevilkår:

<b>Gjeld:</b>			<b>Saldo 30.04.20</b>	<b>Saldo 31.12.19</b>
<b>Kommunalbanken 20060606</b>			14 576 650	15 005 370
Flytande lånerente siste endring			1,00 %	2,40 %
<b>Kommunalbanken 20050816</b>			370 350	370 350
Flytande lånerente siste endring			1,00 %	2,40 %
<b>Husbanken - formidlingslån</b>			9 178 430	7 858 970
Lånerente siste endring			2,01 %	1,88 %

	<b>30.04.2020:</b>
<b>3 M Nibor:</b>	0,50 %

<b>Kommentar:</b>			
Det er teke opp formidlingslån frå Husbanken i 2020. Kr 1 500 000.			
Gjelda til Modalen kommune er ikkje høg i høve til kommunen si evne til å betale renter og avdrag			
Renta har gått kraftig ned, og det er venta lågt rentenivå framover.			
Modalen kommune betalar avdrag over minimumskrava som Kommunelova set.			
<b>Langsiktige finansielle aktiva:</b>			
Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.			

## Sjukefråvær

Me viser til kommentarar knytt til sjukefråvær under avsnitta til dei einssilde avdelingane.

Samla sjukefråvær 1. kvartal (januar-mars) var 14,7 %. Dette er høgt, og høgare enn sjukefråværet i Modalen har vore dei siste åra. Basert på tilbakemeldingane meiner rådmannen det vert jobba godt med oppfølging av sjukmeldte, samt førebygging.

	Moglege dagsverk	Fråvær	Prosent	Prosent	Prosent
			<b>31.03.20</b>	<b>30.09.2019</b>	<b>31.03.2019</b>
RÅDMANN/SENTRALADM inkl Kultur, Næring	487	40	8,21 %	5,27 %	9,60 %
MO SKULE	1097,5	80,7	7,35 %	5,41 %	9,10 %
BARNEHAGE	577,5	76,2	13,19 %	8,12 %	9,00 %
PLEIE- OG OMSORG	972,8	273,3	28,09 %	10,97 %	13,70 %
KOMMUNELEGE	250,4	18,8	7,51 %	3,66 %	4,80 %
TEKNISK, inkl reinhald	765,3	119,6	15,63 %	3,93 %	10,80 %
<b>Sum utvalg</b>	<b>4 151</b>	<b>608,6</b>	<b>14,66 %</b>	<b>6,73 %</b>	<b>10,30 %</b>



## **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at rapporten vert teken til orientering.

Fleire budsjettområde har utfordringar som kan medføre meirutgift i høve til gjeldande budsjettløyvingar. Det vert førebels ikkje tilrådd justeringar av budsjettet. Rådmannen vil vurdere å tilrå justeringar i samband med 2. tertialrapport 2020 seinare i år. Det er tidleg på året, og det er behov for å sjå utviklinga vidare, der ein har fokus på å avgrense negative avvik mest mogleg, samt få betre talgrunnlag for å vurdere justeringar. Koronasituasjonen og økonomiske konsekvensar knytt til dette kan òg endra seg vidare i løpet av året. Førebels ser dei økonomiske konsekvensane knytt til Korona å vere under kontroll, der inntektene (auka midlar frå staten) og utgiftene i hovudsak balanserer. Ved evt smitteutbrot i Modalen, vil dette kunne endre seg mykje.

Sjå oppsett under med førebelse vurderingar knytt til prognose på avvik for heile året, som samla gjev ei venta netto meirutgift på om lag kr 400 000. Mange tal er førebels usikre, og vil kunne endra seg utover året.

	<b>Stipulert</b>
	<b>avvik</b>
	<b>2020</b>
<b>Sentrale postar:</b>	
Skatt	425 000
Rammetilskot	825 000
Eigedomsskatt	260 000
Renteutgift	250 000
Renteinntekt	-150 000
Kompensasjonstilskot	-60 000
<b>Netto avvik - meirinntekt</b>	<b>1 550 000</b>
<b>Pensjon</b>	
Pensjonføring på sentrale postar	-480 000
Pensjonsføring på avdelingane	900 000
<b>Netto avvik - mindreutgift</b>	<b>420 000</b>
<b>Førebels stipulerte avvik på avdelingane:</b>	
Rådm/sentraladm	-1 000 000
Skule	-200 000
Barnehage	100 000
Pleie og omsorg	-700 000
Kommunelege	-90 000
Teknisk etat	-500 000
<b>Sum avvik avdelingane</b>	<b>-2 390 000</b>
<b>Stipulert avviksprognose</b>	<b>-420 000</b>
Meirutgift	

### Formannskapet - 025/2020

#### **FOR - behandling:**

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

Økonomirapporteringa for 1. tertial 2020 vert teken til orientering.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2020	Formannskapet	PS	28.04.2020
025/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

## **Val av meddommarar for perioden 2021 - 2024**

### **Forslag til vedtak:**

#### **Meddommarar jordskifteretten:**

Marianne Tepstad

Ann Jorunn Farestveit

Anne Britt Almelid

Frank Stian Steinsland

Terje Øvre Helland

Ole Kristian Øvre Helland

#### **Meddommarar lagmannsretten:**

Gro Henny Mo

Harald Kjensli

#### **Meddommarar til tingretten:**

Marit Kristin Nygard Nese

Trygve Mjelde

Val av meddommarar til tingretten, lagmannsretten og til jordskifteretten blir i samsvar med domstollova § 68, lagt ut til offentlig ettersyn på kommunen si heimeside og på Kundetorget. Valet gjeld for perioden 01.01.2021 – 31.12.2024

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Modalen kommune skal i løpet av 1. halvår 2020 halda nyval på meddommarar til tingrett, lagmannsrett og jordskifterett. Perioden for dagens utval av meddommarar går 31. desember 2020. Kommunestyret skal derfor velge nye meddommarar for fire år frå og med 1. januar 2021 til og med

31. desember 2024.

Vala av meddommarar til tingretten, lagmannsretten og jordskifteretten må vere ferdige innan 1. juli 2020, jf domstolloven § 66 første ledd. Når vala er foretatt, er siste frist til å varsle domstolane om utfallet 14. september 2020, jf dl § 69 andre ledd.

Kommunen skal velge meddommarar til tre ulike utval::

Meddommarar til lagmannsretten – ett utvalg for kvinner og ett for menn, jf dl § 64

Meddommarar til tingretten – ett utvalg for kvinner og ett for menn, jf dl § 65

Meddommarar til jordskifteretten – like mange kvinner som menn, jf jordskifteloven § 2-5

### **Val av meddommarar til tingretten og lagmannsretten for perioden 2021 - 2024**

Modalen kommune skal velja 2 meddommarar til tingretten og 2 til Gulating lagmannsrett, ei kvinne og ein mann. Ingen kan veljast både til lagmannsretten og tingretten, jf domstolloven § 68 siste ledd. Personer som blir valt til lagmannsretten eller tingretten er valbare som meddommarar til jordskifteretten, jordskifteloven § 2-5. Dei kan også brukast som skjønnsmenn, skjønnsprosessloven § 14.

### **Val av jordskiftemeddommarar 2021 – 2024**

Modalen kommune skal velja 6 medlemmar til jordskifteretten, det skal vere like antall menn og kvinner som jordskiftemeddommarar. Medlemmane i utvalet skal vera kundige i saker som jordskifteretten i jordskiftesoknet til vanleg har

### **Vurdering**

Ordførar har på vegne av valutvalet undersøkt kven av dei valde medlemmane frå inneverande periode som ynskjer gjenvæl. Det har og vore annonsert via kommunen si heimeside, der innbyggjarar som er interessert i å ta på seg eit slikt verv er oppmoda om å melde seg.

Valnemda innstiller følgjande medlemer til dei ulike verva:

### **Meddommarar jorskifteretten:**

Marianne Tepstad

Ann Jorunn Farestveit

Anne Britt Almelid

Frank Stian Steinsland

Terje Øvre Helland

Ole Kristian Øvre Helland

**Meddommarar lagmannsretten:**

Gro Henny Mo

Harald Kjensli

**Meddommarar til tingretten:**

Marit Kristin Nygard Nese

Trygve Mjelde

**Formannskapet - 018/2020**

**FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte kort om saka  
Samrøystes vedteke

**FOR - vedtak:**

**Meddommarar jordskifteretten:**

Marianne Tepstad

Ann Jorunn Farestveit

Anne Britt Almelid

Frank Stian Steinsland

Terje Øvre Helland

Ole Kristian Øvre Helland

**Meddommarar lagmannsretten:**

Gro Henny Mo

Harald Kjensli

**Meddommarar til tingretten:**

Marit Kristin Nygard Nese

Trygve Mjelde

Val av meddommarar til tingretten, lagmannsretten og til jordskifteretten blir i samsvar med domstollova § 68, lagt ut til offentlig ettersyn på kommunen si heimeside og på Kundetorget. Valet gjeld for perioden 01.01.2021 – 31.12.2024

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2020	Formannskapet	PS	28.04.2020
026/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

## Val av skjønnsmedlemer for perioden 2021 - 2024

### Forslag til vedtak:

Skjønnsmedlemer frå Modalen kommune :

Kristin Nåmdal

Bjørn Helge Venås

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Etter skjønnsprosesslova § 14 skal det i kvart fylke vere eit utval av skjønnsmedlemer som skal oppnemnast av fylkestinget etter forslag frå tingrettane og frå kommunestyra. Modalen kommune skal oppnemne 2 skjønnsmedlemer.

#### Vurdering

I kvart fylke skal det være et utval av skjønnsmedlemer. Utvalet er felles for lagmannsrettar, tingrettar og jordskifterettar. Etter skjønnsprosessloven § 14 er det departementet som fastset talet, medan sjølve oppnemninga er det fylkestinget som føretek etter framlegg frå tingrettane og kommunestyra. Før 1. november 2020 skal fylkesrådmannen gi beskjed om kven som er utnemnd som skjønnsmedlemer.

Når kommunen sender over framlegg til fylkeskommunen om kven som skal veljast som skjønnsmedlemer, er det viktig at kommunen gir opp kva stilling vedkommande har og kva fagområde han eller ho har særleg kyndighet i.

Domstolene har gitt beskjed om at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemer med «alminneleg kompetanse». Derimot har dei fleste domstolane behov for skjønnsmedlemer med kompetanse knytat til ulike sider av verdifastsetjing, bruk og drift av fast eigedom. Mange domstolar nemner og behov for skjønnsmedlemer med særleg kompetanse på plan- og reguleringsprosessar og kunnskap om bygg- og anleggsverksemd.

Domstolene har understreka at det i oppstillinga over skjønnsmedlemer vert oppgitt kva utdanning, stilling, og erfaring dei har.

#### Konklusjon

Ordførar har på vegne av valutvalet innstilt Kristin Nåmdal og Bjørn Helge Venås som skjønnsmedlemer frå Modalen kommune.



## Formannskapet - 019/2020

### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte kort om saka.  
Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Skjønnsmedlemer frå Modalen kommune :

Kristin Nåmdal

Bjørn Helge Venås

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA-N62	20/144

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020
026/2020	Formannskapet	PS	02.06.2020

## **Intensjonserklæring Akson - heilskapleg samhandling og felles kommunal journalløysing**

### **Forslag til vedtak:**

**Modalen kommune gjev sin tilslutnad til Akson gjennom å signere intensjonserklæring (vedlagt) som omfattar følgjande:**

1. Modalen kommune gjev sin tilslutnad til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysningar for betre digital samhandling mellom alle verksemdar som yter helsetenester. Det skal også leggjast til rette for betre digital samhandling med innbyggjarar og andre kommunale og statlege tenesteområde.
2. Etter at arbeidet for 2020 med å tydeleggjere rammeføresetnadar, premiss og planer for Akson har kome lenger, og hvis Modalen kommune ynskjer det, vil Modalen kommune kunne ta del vidare basert på følgjande alternativ:
  - a. Inngå forpliktingsavtale om samarbeid eller annan tilknytningsform (t.d. medeigerskap) i "Selskapet Akson journal" frå start, samt aktivt ta del i det vidare arbeidet med anskaffings- og utviklingsarbeidet med etablering av felles kommunal journalløysing.
  - b. Inngå opsjonsavtale og avvente beslutning om tilknytning til felles verksemd og å ta i bruk felles kommunal journal.
3. Modalen kommune har til intensjon å finansiere sin del av felles kommunal journal dersom den på eit seinere tidspunkt forpliktar seg til å ta journalløysinga i bruk.

### **Saksopplysningar:**

Akson skal bidra til målet om ei effektiv og berekraftig helse- og omsorgsteneste som er heilskapleg og koordinert, bidrar til god samhandling mellom aktørane og samhandling med andre kommunale og statlege tenester helsetenesta samarbeider med. Pasienten og brukaren sine behov og ynskjer skal stå i sentrum. Akson skal bidra til at helsepersonell har enkel og sikker tilgang til pasientinformasjon, innbyggjarar skal ha tilgang på digitale tenester, og data skal gjerast betre tilgjengeleg for kvalitetsforbetring, helseovervåking, styring og forskning.

Tiltaket Akson skal etablere ei felles journalløysing for kommunale helse- og omsorgstenester og nasjonale løysningar for bedre digital samhandling mellom alle verksmeder som yter helsetenester og dei desse samhandler med.

### **Vurdering**

Underteikning av denne intensjonserklæringa, jfr. framlegg til vedtak, er eit uttrykk for kommunen si støtte til og intensjon om deltaking i det vidare arbeidet med tiltaket Akson. Signering inneber ikkje nokon kjøpsforplikting eller annan økonomisk forplikting for kommunen.

Rådmannen si vurdering er at det er eit godt og viktig tiltak som Modalen bør støtte opp under ved å

signere intensjonserklæringa.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Modalen kommune gjev sin tilslutnad til prosjektet Akson og at ordføreren signerer intensjonserklæring.

### **Formannskapet - 026/2020**

#### **FOR - behandling:**

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om saka.  
Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune gjev sin tilslutnad til Akson gjennom å signere intensjonserklæring (vedlagt) som omfattar følgjande:**

1. Modalen kommune gjev sin tilslutnad til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysninger for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggjast til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenestekområde.
2. Etter at arbeidet for 2020 med å tydeleggjere rammeføresetnadar, premiss og planer for Akson har kome lenger, og hvis Modalen kommune ynskjer det, vil Modalen kommune kunne ta del vidare basert på følgjande alternativ:
  - a. Inngå forpliktingsavtale om samarbeid eller annan tilknytningsform (t.d. medeigerskap) i "Selskapet Akson journal" frå start, samt aktivt ta del i det vidare arbeidet med anskaffings- og utviklingsarbeidet med etablering av felles kommunal journalløysning.
  - b. Inngå opsjonsavtale og avvente beslutning om tilknytning til felles verksemd og å ta i bruk felles kommunal journal.
3. Modalen kommune har til intensjon å finansiere sin del av felles kommunal journal dersom den på eit seinere tidspunkt forpliktar seg til å ta journalløysinga i bruk.

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 1 - Intensjonserklæring Akson

Vedlegg 2 - Akson - Helhetlig samhandling og felles kommunal journalløsing - sammendrag

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		20/174

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

**Møteplan hausten 2020**

**Forslag til vedtak:**

Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2020 slik den ligg føre

**Saksopplysningar:**

Sjå vedlagt framlegg til møteplan for hausten 2020

**Vedlegg:**

Framlegg møteplan haust 2020

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-144, FA-F03	19/85

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/2020	Kommunestyret	PS	11.06.2020

**Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan.**

## **Forslag til vedtak:**

Modalen kommune vedtek revidert utgåve av rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 – 2024 slik han ligg føre.

## **Saksopplysningar:**

Kommunestyret vedtok i møte 14.02.19 at rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 – 2017 skulle reviderast. Ein revisjon er ein avgrensa gjennomgang av planen i motsetnad til rullering / full gjennomgang. Rådmannen har difor bede om innspel frå aktuelle aktørar som Vaksdal barnevern, NAV Fensfjorden, Lensmannen i Nordhordland, Mo skule, Modalen barnehage, Helsesenteret i Modalen, teknisk etat, kundetorget og ungdomsrådet. Saka har også vore til drøfting i rådmannen si leiargruppe 21.08 19.

Alkoholova §1-7d seier at kommunen skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan. Helsedirektoratet anbefaler at kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan vert utarbeidd som ein del av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Planen bør seie noko om dei alkoholpolitiske måla kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk, samt dei virkemidla kommunen vil ta i bruk for å nå måla. Døme på slike virkemiddel kan vere tal på sals- og skjenkestadar, opningstider m.m. Planen bør konkretisere kva tiltak kommunen vil satse på for å nå den landsomfattande målsetjinga om å redusere alkoholforbruket. Planen bør handsamast i kvar kommunestyreperiode.

Planen vart handsama av formannskapet 28.04.20 med følgjande vedtak:

*Modalen kommune legg utkast til Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 – 2024 ut på høring med frist for innspel eller merknadar satt til 22. mai 2020. Planutkastet skal deretter til handsaming i kommunestyret.*

Det har ikkje kome innspel i løpet av høyringsperioden.

## **Bakgrunn**

Det er det til ei kvar tid sitjande kommunestyre som skal avgjere korleis alkoholpolitikken skal utøvast. Det skjer gjennom rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen dannar grunnlag for tildeling av sals- og skjenkeløyve, samt dei vilkår som skal gjelde for desse.

Det skal innan 30. september i første år av nytt kommunestyret takast stilling til kva løyve for sal og skjenking av alkohol i kommunen som skal gjelde. Kommunestyret kan velje å vidareføre gjeldande løyver utan søknad frå aktørar, eller tildele løyve etter søknad.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan dannar grunnlaget for kommunestyret sine vurderingar og vedtak. Dette vil i neste omgang vere utgangspunktet evt. søkjarar skal forholde seg til.

## **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at utkast til rusmiddelpolitisk handlingsplan tek opp i seg det samfunnsbiletet som gjer seg gjeldande i Modalen per i dag. Det er viktig å revidere planen slik at kommunestyret kan avgjere kva som skal vere gjeldande ruspolitikk – og på kva grunnlag ein skal fatte avgjersler. T.d. skal ein kunne seie noko om opningstider for sals- og skjekeløyve i planen slik at evt. søkjarar til løyve skal kunne oppleve at det er føreseieleg kva alkoholpolitikk Modalen kommune legg til grunn.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek revidert utgåve av ruspolitisk handlingsplan 2020 - 2024 slik han ligg føre.

### **Vedlegg:**

Rusmiddelpolitisk handlingsplan - handsama i FORM 28.04.20